

(23.08.2015)

Fy oldebessen!

Den 13. august var året 2015 slutt. Dagen etter starta me på 2016.

Trur du det går heilt rundt for meg? Tja, du kan sikkert seia det slik. For det stemmer ikkje i det heile med kalenderen. Like fullt så er det på ein måte så altfor sant.

På den nemnde datoen hadde verda nemleg brukt opp årets globale ressurskvote. Resten av året må me no leva på ressursar som me låner frå framtidige generasjonar. Dette overforbruket vil me i Miljøpartiet Dei Grøne setja fokus på no under lokalvalkampen.

Nordmenn forbrukar allereie om lag tre gonger meir enn jorda tåler. Likevel legg dei andre partia opp til ei tredobling av det private forbruket fram mot 2060. Ei tredobling!

MDG tek klima- og ressursutfordringa på alvor. Me meiner at ønsket om å byggja Noregs økonomi og velferd på ein stor vekst i privat forbruk er uansvarleg og usolidarisk.

Me ønskjer heller eit samfunn der livskvalitet vert sett framfor økonomisk vekst. Der det materielle forbruket går ned, samstundes som folk får meir tid til kvarandre. Mindre forbruk fører til færre klimagassutslepp og mindre belastning på ressursane på kloden vår. Det er bra for miljøet, men det er òg bra for oss menneske.

Kva kan gjerast lokalt her i Kvinnherad? Først og fremst må me endra innstilling, det er noko me kan gjera umiddelbart. Deretter må me endra vanane våre litt etter litt.

Lokalpolitikarane og innbyggjarane kan syta for at alle innkjøp er så miljøvenlege som råd. Me kan eta litt mindre kjøt, me kan byggja med miljøvenlege materialar og energisparande teknologi, etablera lokale bytemarknader og bruktbuikkar, laga gode ordningar for resirkulering elles, redusera forbruksdrivande reklame, dela meir på bilkjøringa med naboen. Berre for å nemna nokre få ting.

Den 13. august hadde me altså brukt opp alle ressursane for dette året. I år 2000 var den tilsvarande datoen tidleg i oktober, så me kjem dårlegare ut for kvart år som går.

Saldoen på «tjuvlånet» vårt frå etterkomarane veks difor år for år, utan at me har hatt tankar om å betala ned noko som helst. Det er lite triveleg å tenkja på at kanskje etterkomarane mine ein dag seier: «Fy oldebessen, han åt opp maten min!»

Lista er lang over korleis kvar og ein kan bidra til mindre forbruk og auka livskvalitet her i Kvinnherad. Med di stemme kan me setja i gang. Det gler me oss til!

Arne Gjerde

Førstekandidat

Miljøpartiet Dei Grøne